

## KOMMISJONSVEDTAK

2005/EØS/9/19

av 9. juli 2002

## om oppheving av vedtak 2000/721/EF om innføring av vaksinasjon som supplement til tiltakene for å bekjempe aviær influensa i Italia og om særlige tiltak for kontroll med forflytning(\*)

[meldt under nummeret K(2002) 2538]

(2002/551/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 90/425/EØF av 26. juni 1990 om veterinærkontroll og avlskontroll ved handel med visse levende dyr og produkter innenfor Fellesskapet med sikte på gjennomføring av det indre marked<sup>(1)</sup>, sist endra ved direktiv 92/118/EØF<sup>(2)</sup>, særleg artikkel 10 nr. 4,

med tilvising til rådsdirektiv 89/662/EØF av 11. desember 1989 om veterinærkontroll ved handel innenfor Fellesskapet med sikte på gjennomføring av det indre marked<sup>(3)</sup>, sist endra ved direktiv 92/118/EØF, særleg artikkel 9 nr. 4,

med tilvising til rådsdirektiv 92/40/EØF av 19. mai 1992 om innføring av fellesskapstiltak for å bekjempe hønsepest<sup>(4)</sup>, særleg artikkel 16, og

ut frå desse synsmåttane:

- 1) Vaksinasjonsprogrammet som Italia har lagt fram, vart godkjent av Kommisjonen i medhald av kommisjonsvedtak 2000/721/EF av 7. november 2000 om innføring av vaksinasjon som supplement til tiltakene for å bekjempe aviær influensa i Italia og om særlige tiltak for kontroll med forflytning<sup>(5)</sup>, sist endra ved kommisjonsvedtak 2001/847/EF<sup>(6)</sup>.

- 2) Den overvakinga som er gjennomført av fjørfelkkane i dette området, har ikkje påvist nokon virusmitte etter det siste tilfellet av svakt sjukdomsframkallande aviær influensa-virus, som vart registrert i mars 2001.
- 3) Vaksinasjonskampanjen som tok til i november 2000, vart avslutta 16. mai 2002.
- 4) Vedtak 2000/721/EF vert oppheva for å avbryte vaksinasjonsprogrammet og fjerne dei handelsrestriksjonane som er knytte til dette.
- 5) Overvakinga av vaksinerte flokkar bør likevel halde fram, medrekna bruken av den serologiske prøva (iIFA-prøva) som vart godkjend ved kommisjonsvedtak 2001/847/EF. For dette føremålet vil det verte gjort eit nytt vedtak, kommisjonsvedtak 2002/552/EF<sup>(7)</sup>, som vert vedteke samstundes med denne opphevingsrettsakta.
- 6) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

GJORT DETTE VEDTAKET:

*Artikkel 1*

Vedtak 2000/721/EF vert oppheva.

*Artikkel 2*

Dette vedtaket skal nyttast frå den sjuande dagen etter at det vert kunngjort i *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*.

(\*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EFT L 180 av 10.7.2002, s. 22, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 28/2003 av 14. mars 2003 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 29 av 5.6.2003, s. 13.

<sup>(1)</sup> TEF L 224 av 18.8.1990, s. 29.

<sup>(2)</sup> TEF L 62 av 15.3.1993, s. 49.

<sup>(3)</sup> TEF L 395 av 30.12.1989, s. 13.

<sup>(4)</sup> TEF L 167 av 22.6.1992, s. 1.

<sup>(5)</sup> TEF L 291 av 18.11.2000, s. 33.

<sup>(6)</sup> TEF L 315 av 1.12.2001, s. 61.

<sup>(7)</sup> Sjå TEF L 180 av 10.7.2002, s. 24.

*Artikkel 3*

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 9. juli 2002.

*For Kommisjonen*

David BYRNE

*Medlem av Kommisjonen*

---